# Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av enkeltareal

# Delområde 2 Auklandshamn

Lenke til innspela:

https://www.sveio.kommune.no/plan-bustad-og-eigedom/plan-bygg-og-eigedom/planarbeid/planprosessen-for-kommuneplanen/

## Innhald


1. OVERSIKTSKART ..... 2
2. BUSTADER/SPREIDDE BUSTADER (LNF) ..... 3
14.5805 Spreidde bustader (LNF), gbnr. 36/19 og 16.11577 Bustader, gbnr. 36/3 og 250 ..... 3
18.17923_3 og _4 Bustader, gbnr. 38/4 ..... 6
21.10988_1 Bustader, gbnr. 23/6 ..... 9
3. FRITIDSBUSETNAD ..... 12
16.11053_4 Fritidsbusetnad, gbnr. 30/7 ..... 12
21.7810 Fritidsbusetnad, gbnr. 36/230 ..... 15
4. KOMBINERT FØREMÅL ..... 18
17.17428_1- _3 Kombinert føremål, gbnr. 37/5 m.fl., og 19.9207 Kombinert føremål, gbnr. 37/72 m.fl. ..... 18
23.7327_7 Kombinert føremål, gbnr. 36/16 ..... 22
5. ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG ..... 25
18.17923_5 Andre typar bygningar og anlegg (naust), gbnr. 38/4, og 18.17923_6 Andre typar bygningar og anlegg (naust), gbnr. 38/15, 18.17923_7 og _8 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg) ..... 25
6. FLEIRE FØREMÅL ..... 28
16.11576_1 Bustad, gbnr. 36/250 og 16.11576_2 - _3 og 17.17384 Andre typar bygningar og anlegg (naust), gbnr. 36/1 m.fl. ..... 28
18.14440 Offentleg eller privat tenesteyting, gbnr. 36/55 og 243, 22.4812 Uteopphaldsareal, 23.14421 Bustader, gbnr. 36/168 ..... 32
23.14421 (3): Bustader (mikrolandbruk) ..... 32
18.17641_1 Fritidsbusetnad, 18.17641_2 og _3 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 36/24 og 295 ..... 36
18.3136_1 Fritids- og turistføremål, gbnr. 33/32 m.fl. og 18.3136_2 Kombinert føremål, gbnr. 33/41 ..... 39
18.17923_1 Fritidsbustad gbnr. 38/4, 18.17923_2 Naust med 18.17923_9 småbåtanlegg, gbnr. 38/4 ..... 43

# 1. OVERSIKTSKART



# 2. BUSTADER/SPREIDDE BUSTADER (LNF)

## 14.5805 Spreidde bustader (LNF), gbnr. 36/19 og 16.11577 Bustader, gbnr. 36/3 og 250

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk/tal einingar:<br>14.5805 (1): LNF spreidd bustad<br>16.11577 (2): Bustader</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>14.5805 (1): 65 daa<br>16.11577 (2): 14,5 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelsområda i frå før. I nord grensar innspela til fv. 4984. Områda ligg tilknytt bustadområde i vest og nord. Området er kupert og består av skog. Området ligg nordvendt med gode solforhold.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Naturressursar<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet</td></tr>
</table>

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg bonitet.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde:<br>1: Halvparten av området (sørleg del) går inn i to område; Sletta-fjellet, nærturterreng, som er om lag 1.290 daa stort, og Emberlands-nipen (svært viktig friluftsområde), | 1: Innspelet er i arealkonflikt med registrert friluftområde, som heng saman med større grønt-areal. Ei utbygging i området har negative konsekvensar for fri-luftsliv, men ei utbygging vil truleg kunna tilpassast friluftslivverdiane. | 1: -2<br>2: 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | stort turområde med tilrettelegg-ing, som er om lag 12.300 daa.<br>2: Ingen. | 2: Ingen kjende konsekvensar | |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Moderat bølgjeeksponert småkupert kyst-slette (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Vestlandets skogs-åser, med landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br><br>Landskapet i området er skogkledd og særs kupert. Terrenget strekk seg oppover i frå kote +25 ved fv. 4984 mot kote +60 lengst sør. Området er nordvendt.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Ei utbygging vil medføre vesentlege inngrep i det kuperte landskapet. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 65 daa skog med høg bonitet.<br>2: 11,1 daa skog med høg bonitet. | 1: Ei utbygging medfører tap av større skogsområde med høg bonitet.<br>2: Ei utbygging medfører tap av skog med høg bonitet. | 1: -2<br>2: -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande bustadtomter i nær-leiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod langs fv. 4984, men ikkje fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela inneber ei utviding av eksisterande bustadområde, som her ber preg av spreidd utbygging. Områda ligg i gangavstand (om lag 1 km) frå nærsenteret Auklandshamn, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg, og innspela vil såleis byggja opp under Auklandshamn med senterfunksjonar. Det vil ikkje vera behov for skuleskyss | | +1 |
| **Karbonrike areal** | 1: 65 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal.<br>2: 11,1 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | 1: -2<br>2: -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela grensar til område med etablert infrastruktur. Dei ligg godt plassert i forhold til sentrum i Auklandshamn, og områda er såleis gode med omsyn til lokalisering av nye bustader. Områda ligg tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep.<br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg i all hovudsak ikkje under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Innspelet ligg i all hovudsak utanfor aktsemdsområde for flaum. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 2: Vassdrag med aktsemdsområde for flaum deler innspelsområdet i to. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er gul støysone langs fv. 4984. Det er ingen støyande verksemder tett på innspelet, og som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 6 km frå innspelsområdet i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | 1: -2<br>2: 0 | -2 | 0 | 1: -2<br>2: -1 | -1 | +1 | 1: -2<br>2: -1 | X |

Innspelsområda er i dag urørte og kuperte skogsområde. Det er etablert infrastruktur til området. Sørleg del av innspelsområde 1 rører ved friluftsområde, og innspelsområde 2 er redusert av aktsemdsområde for flaum. Begge områda består av skog med høg bonitet mot. naturressursar og karbonrike areal. Innspelsområda ligg i gangavstand til nærsenteret i Auklandshamn, og er såleis godt plassert i forhold til senterfunksjonane i dette området.
Innspela vert positivt tilrådd dersom det er behov for nytt bustadareal i dette delområdet.
Innspel 1 må justerast til området som ligg tettast på Øklandsvegen, og som ikkje er i konflikt med registrert friluftslivområde. Dersom det er behov for nytt bustadareal i dette området bør begge areala leggast inn som bustad, og ikkje LNF-spreidd.

ROS-analyse: Innspel 1-2: Trafikktryggleik, støy, Innspel 2: flaum

**Fagleg tilråding innspel 1 (14.5805): Justert positiv tilråding til bustadføremål (utanfor friluftslivområdet), dersom det er behov for nytt bustadareal i dette området**

**Fagleg tilråding innspel 2 (16.11577): Positiv tilråding dersom det er behov for nytt bustadareal i dette området.**

## 18.17923_3 og _4 Bustader, gbnr. 38/4

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk/tal einingar:<br>18.17923_3 (1): Bustader<br>18.17923_4 (2): Bustader</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>18.17923_3 (1): 11 daa<br>18.17923_4 (2): 23,9 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelsområda i frå før. Mellom innspela går fv. 4984. Områda ligg tilknytt bustadområde i vest og aust. Området er kupert og består av skog. Nordleg del av innspel 2 ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Området ligg nordvendt med gode solforhold.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet</td></tr>
</table>

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg bonitet, noko impediment.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde:<br>1: Halvparten av området (sørleg del) går inn i Slettafjellet, nærtur-terreng, som er om lag 1.290 daa stort.<br>2: Halvparten (nordleg del) ligg i strandsona, som i området er defi- | 1: Innspelet er i arealkonflikt med registrert friluftsområde, som heng saman med større grønt-areal. Ei utbygging i området har negative konsekvensar for fri-luftsliv, men ei utbygging vil truleg kunna tilpassast friluftslivverdiane. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | nert som potensielt tilgjengeleg (inngrepsfri), med varierande hellingsgrad «noe» til «stor» (mellom 3 og 25 grader). | 2: Ei utbygging med bustader i nord vil medføre privatisering av strandsona i området, og innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. | |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Moderat bølgjeeksponert småkupert kystslette (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Brede fjordløp og fjordmøter, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet i området er skogkledd, og skrår ned mot sjø i nord. Terrenget strekk seg nedover i frå kote +40 til kote +30 ved fv. 4984, og vidare nedover til kote +13 lengst nord.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | 1: Ei utbygging vil medføre inngrep i det kuperte landskapet, men det ligg andre tiltak (bustader) i området. Ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege landskapsendringar i området.<br>2: Ei utbygging i nordleg del vil medføre synlege inngrep i strandsona, som her er nokså urørt. Det er tiltak (bustader og naust) både vest og aust, og ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege landskapsendringar i området. | 1: -1<br>2: -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 7,2 daa skog med høg bonitet.<br>2: 23,4 daa skog med høg bonitet. | 1: Ei utbygging medføre tap av skog med høg bonitet.<br>2: Ei utbygging medføre tap av større skogsområde med høg bonitet. | 1: -1<br>2: -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande bustadtomter i nærleiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod langs fv. fv. 4984, men ikkje fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei utviding av eksisterande bustadområde, som her ber preg av spreidd utbygging. Området ligg om lag 1,5 km frå nærsenteret Auklandshamn, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg, og innspela vil såleis byggje opp under Auklandshamn med senterfunksjonar. Det vil ikkje vera behov for skuleskyss. | | +1 |
| **Karbonrike areal** | 1: 7,2 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal.<br>2: 23,4 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | 1: -1<br>2: -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | 1: Ikkje relevant.<br>2: Nordleg del av innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er bustad, og Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela grensar til område med etablert infrastruktur. Dei ligg godt plassert i forhold til sentrum i Auklandshamn, og områda er såleis gode med omsyn til lokalisering av nye bustader. Områda ligg tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep. | | |

| | |
|---|---|
| | Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Innspelet ligg i all hovudsak ikkje under marin grense. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 2: Innspelet ligg i all hovudsak under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ein bekk/vassdrag gjennom innspelsområda, men dei ligg utanfor registrerte aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er gul støysone langs fv. 4984. Det er ingen støyande verksemder tett på innspelet, og som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 6,5 km frå innspelsområdet i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-2** | **1: -1**<br>**2: -2** | **0** | **1: -1**<br>**2: -2** | **-1** | **+1** | **1: -1**<br>**2: -2** | **X** |

Innspelsområda er i dag urørte og kuperte skogsområde. Det er etablert infrastruktur til området. Sørleg del av innspelsområde 1 rører ved friluftsområde, og innspelsområde 2 ligg dels i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og innanfor funksjonell strandsone. Begge områda består av skog med høg bonitet mot. naturressursar og karbonrike areal. Innspelsområda ligg nære nærsenteret og vil innebere ei utviding av eksisterande spreidd busetnad.

Dersom det er behov for nytt bustadareal i området kan innspela tilrådast, justert til utanfor funksjonell strandsone og registrert friluftslivområde.

ROS-analyse: Innspel 1-2: Trafikktryggleik, støy, Innspel 2: kvikkleire

**Fagleg tilråding innspel 1 og 2 (18.17923_3 og 18.17923_4): Positiv tilråding dersom det er behov for nytt bustadareal i området.**

## 21.10988_1 Bustader, gbnr.  23/6

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF | **Arealendring**<br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>Bustader | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 6,3 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet ligg på vestsida av Vestvikvågen. Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelsområda i frå før. Området er utviding av bustadområde i sør. Området er kupert og består av skog. Innspelet ligg i all hovudsak innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: lauvskog med høg bonitet, innmarksbeite.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde:<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, nedbygging av skog med høg bonitet og innmarksbeite, samt nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Innspelet ligg i strandsona, der ein del i nord av området er definert som potensielt tilgjengeleg (inn-grepsfri). | Ei utbygging med bustader i nord vil medføre privatisering av strandsona i området, og inn-spelet vil såleis ha negativ verk-nad for friluftsliv. | -2 |
| **Landskap** | Innspelet er ein del av Førdespollen. Innspelet ligg innan-for landskapstype Middels brede fjordløp, med landskapsverdi 3 – middels verdi.<br><br>Landskapet i området er skogkledd, og skrår ned mot sjø i aust. Terrenget strekk seg nedover i frå 27moh til sjø.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>Kommunekart 3D | Ei utbygging i nordleg del vil med-føre synlege inngrep i strandsona, som her er nokså urørt. Det er tiltak (bustader og naust) sør for innspelet, og ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege landskapsendringar i området. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 2,5 daa skog med høg bonitet, og 3 daa innmarksbeite. Låssettingsplass for brisling, makrell og sild i sjøområda utanfor innspelet. | Ei utbygging medføre tap av større skogsområde med høg bonitet, samt areal med innmarksbeite. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande bustadtomter i nær-leiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod langs fv. 4984, men ikkje fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei utviding av eksisterande bustadområde. Området ligg om lag 3 km frå nærsenteret Auklandshamn, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Dette vil innebere skuleskyss for elevar i 1. klasse (over 2 km), men ikkje for elevar i 2.-10. klasse (over 4 km). | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 2,5 daa skog med høg bonitet, og 3 daa innmarksbeite, som er definert som karbonrike areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspelet ligg i all hovudsak innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er bustad, og Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis i hovudsak ikkje i tråd med strand-sonerettleiaren/SPR. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspelet ligg i eit område med nærliggande etablert infrastruktur. Det er om lag 3 km til sentrum av Auklandshamn, og området er såleis relativt godt plassert med omsyn til lokalisering av nye bustader. Utbygging med bustader kan vera samfunnsnyttig, men utbygging i strandsona vil medføre privatisering av eit område som er tilgjengeleg for ålmenta i dag. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg til sjø og kan difor verte utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert støysone i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføra auka støy i seg sjølv. | | |

<table>
<tr><td rowspan="2">Stråling frå høgspent</td><td>Liv og helse</td><td>Ytre Miljø</td><td>Mat. verdiar/samfunn</td></tr>
<tr><td colspan="3">Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela.</td></tr>
<tr><td>Innsatstid brann</td><td colspan="3">Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 3,5 km frå innspelsområdet i luft-linje.</td></tr>
</table>

**Samla vurdering og tilråding:**

<table>
<tr><th>Naturmangfald</th><th>Friluftsliv</th><th>Landskap</th><th>Kulturminne og kulturmiljø</th><th>Naturressursar</th><th>Teknisk infrastruktur</th><th>Nærmiljø og stadutvikling</th><th>Karbonrike areal</th><th>Næringsliv og sysselsetting</th></tr>
<tr><td>-1</td><td>-2</td><td>-2</td><td>0</td><td>-2</td><td>-1</td><td>0</td><td>-1</td><td>X</td></tr>
<tr><td colspan="9">Innspelsområdet er i dag urørt og kupert skogsområde. Det er etablert infrastruktur til nærområdet, og avstanden til nærsenteret Auklandshamn er om lag 3 km.<br>Området består av skog med høg bonitet, og innspelet vil såleis ha negative konsekvensar med omsyn til naturressursar og karbonrike areal. Innspelet ligg i all hovudsak innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og innanfor funksjonell strandsone, og innspelet vil såleis ha vesentlege negative konsekvensar for mellom anna landskap og friluftsliv<br><br>ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik</td></tr>
<tr><td colspan="9">Fagleg tilråding: Negativ tilråding</td></tr>
</table>

# 3. FRITIDSBUSETNAD

## 16.11053_4 Fritidsbusetnad, gbnr. 30/7

| **Gjeldande arealbruk:**<br>KPA og Reg.plan: Bustad | **Arealendring** |
|---|---|
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>Fritidsbusetnad |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 11,5 daa |
| **Skildring av området** | Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelsområdet i frå før. Området er kupert, og ligg i eit lite søkk, og består av skog og myr. Området har gode solforhold og ligg nær sjø. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet. |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: myr, skog med høg bonitet, noko impediment.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Det er ingen registreringar i området, og ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Middels brede fjordløp, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt. | Ei utbygging vil medføre inngrep i landskapet, men innspelet ligg i eit områda med fleire andre tiltak i tilgrensande område. Ei vidare utbygging i området, vil såleis ikkje medføre vesentlege landskapsendringar i området. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Landskapet i området er skogkledd, med eit mindre parti myr. Området ligg i ein liten dal med eit vassig som går ned i dalen mot nord (sjø). Det er ei lita kolle på kote +44 heilt sør. Elles skrår terrenget ned i dalen, som skrår ned mot sjø i nord.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne inn-anfor eller i nærleiken av innspela. Lenger vest ligg det registrert eit kulturmiljø H570_155B, som om-fattar eit vassdragsmiljø med tufter etter fire kvernhus og ei stampe mm. | Kulturmiljøet ligg lenger vest, i ein eit anna dalstrekk enn inn-spelsområdet, og vi vurderer at innspelet ikkje vil ha direkte inn-verknad på kulturmiljøet, men ev. utviding av veg i samband med utbygging kan komma i konflikt med kulturmiljøet. | -1 |
| **Naturressursar** | 0,7 daa myr og 6 daa skog med høg bonitet. | Ei utbygging vil medføre tap av myr og skog med høg bonitet. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande bustadtomter i nær-leiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desseområda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod langs fv. fv. 4984, men ikkje fortau. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei utviding av eksisterande bustadområde, som her ber preg av spreidd utbygging. Området ligg om lag 4 km frå nærsenter-et Auklandshamn, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Innspelet styrkjer grunnlaget for det lokale handels-, service- og kulturtilbodet, som kjem fastbuande til gode. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 0,7 daa myr og 6 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | -2 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela grensar til område med etablert infrastruktur, og ligg relativt tett på sentrum i Auklandshamn. Innspelet ligg i eit område som er dels bygd ut med bustader og fritidsbustader, men det er ikkje tiltak innanfor innspelet.<br>Arealet ligg tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep.<br><br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. Om området framleis skal ha utbyggingsføremål, vil ikkje ei endring frå bustad til fritidsbustad i reguleringsplanen ha vesentlege konsekvensar. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg i all hovudsak ikkje under marin grense. Registrert lausmasse-type er bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ein bekk/vassdrag gjennom innspelsområdet, men det er ikkje registrert aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | |
|---|---|
| | Innspelet ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** \| **Ytre Miljø** \| **Mat. verdiar/samfunn**<br>Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. |
| Forureina grunn | **Liv og helse** \| **Ytre Miljø** \| **Mat. verdiar/samfunn**<br>Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet. |
| Støy | **Liv og helse** \| **Ytre Miljø** \| **Mat. verdiar/samfunn**<br>Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** \| **Ytre Miljø** \| **Mat. verdiar/samfunn**<br>Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet. |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 3,5 km frå innspelsområdet i luft-linje. |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | 0 | -1 | -1 | -1 | 0 | 0 | -2 | X |

Innspelsområdet er i dag urørt og kupert skogsområde, som ligg i eit lite søkk med noko myr. Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelsområdet i frå før, men området rundt er bygd med bustader og fritidsbustader. Området har gode solforhold og ligg nære sjø. Det er etablert infrastruktur til området, og innspelet ligg om lag 4 km frå nærsenteret i Auklandshamn.
Innspelet er regulert til bustader i gjeldande reguleringsplan, mens områda aust for innspelet er regulert til fritidsbusetnad. Fordelinga mellom bustad- og fritidsbustadområde innanfor planområdet må vurderast heilskapleg i eigen prosess med reguleringsendring. Deler av innspelet ligg innanfor myrområde, og bør ikkje ha utbyggingsføremål.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel: Området må justerast til utanfor myrområde, føremål må vurderast heilskapleg i eigen prosess med reguleringsendring/dispensasjon.**

## 21.7810 Fritidsbusetnad, gbnr. 36/230

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk/tal einingar:<br>Fritidsbusetnad</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>0,9 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Det er etablert ein fritidsbustad på eigedomen i frå før. Området rundt er spreidd utbygd med fritidsbustader og gardar. Området er lett kupert, og består av skog og innmarksbeite. Området har gode solforhold.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen og i delområdet.</td></tr>
</table>

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg bonitet, innmarksbeite.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Grønnfink (VU). | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen.<br>Like nord ligg det svært viktige friluftsområdet Slettene/Hedløya (leike- og rekreasjonsområde), som òg er statleg sikra. | Ei fortetting med ein fritidsbustad på eksisterande fritidsbustadtomt vil ikkje medføre særskilde konsekvensar for registrerte friluftsverdiar nord for innspelsområdet. | 0 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Middels brede fjordløp, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og /-eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet i området består av ei halvøy, med skog og landbruk. Området er kupert, der næraste kolle i aust strekk seg mot kote +43.<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>https://3dx.kommunekart.com/ | Det er etablert ein fritidsbustad på tomta i frå før, som grensar til ein annan fritidsbustadeigedom. Ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege landskapsendringar i området. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspela. Det er registrert eit enkeltbygg i kulturminneplanen lenger aust (H570_157B). | Ingen kjende konsekvensar. Terrenget i området gjer at ei fortetting på eigedomen ikkje vil påverke registrert enkeltbygg lenger aust. | 0 |
| **Naturressursar** | 0,1 daa skog med høg bonitet, 0,6 daa innmarksbeite. | Ei utbygging medføre eit ubetydeleg tap skog med høg bonitet og innmarksbeite. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert offentleg infrastruktur i området, men det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande fritidsbustad på eigedomen, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda. Det er kollektivtilbod langs Mjånesvegen, men ikkje fortau. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei fortetting av eksisterande fritidsbustadtomt, i eit område som er spreidd utbygd. Eit avgrensa omfang gjer at dette ikkje vil påverke nærmiljø eller stadutvikling i særleg grad. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 0,1 daa skog med høg bonitet, 0,6 daa innmarksbeite, som er definert som karbonrike areal. Omfang er avgrensa. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela grensar til område med etablert infrastruktur, og ligg i eit område som er dels bygd ut med gardsbruk og fritidsbustader, men det er ikkje tiltak innanfor innspelet. Arealet ligg tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep.<br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. Ei fortetting i dette området med ein fritidsbustad vil likevel ha mindre konsekvensar. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg i all hovudsak utanfor marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg i utanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje etablert fortau i området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 7 km frå innspelsområdet i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **0** | **-1** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **X** |
| Området er lett kupert, og består av skog og innmarksbeite. Det er etablert ein fritidsbustad på eigedomen i frå før, og området rundt er spreidd utbygd med fritidsbustader og gardar. Det er etablert infrastruktur til området.<br>Det er ingen vesentlege negative konsekvensar ved innspelet, og innspelet vert positivt tilrådd.<br><br>ROS-analyse: Trafikktryggleik | | | | | | | | |
| **Fagleg tilråding: Positiv tilråding** | | | | | | | | |

# 4. KOMBINERT FØREMÅL

## 17.17428_1- _3 Kombinert føremål, gbnr. 37/5 m.fl., og 19.9207 Kombinert føremål, gbnr. 37/72 m.fl.

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Småbåthamn på land og i sjø, bustader, næringsverksemd<br><br>**Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>17.17428_1 (1): Kombinert formål (bustad og naust)<br>17.17428_2 (2): Kombinert formål (bustad og naust)<br>17.17428_3 (3): Kombinert formål (bustad og naust)<br>19.9207 (4): Kombinert formål (bustad og naust, inkl. parkering, båtopptrekk og badestrand). 4 bustader og 7 naust med tilhøyrande kai og flytebrygge. | **Arealendring**<br><br> |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 17.17428_1 (1): 4 daa<br>17.17428_2 (2): 0,8 daa<br>17.17428_3 (3): 2,6 daa<br>19.9207 (4): 5 daa |
| **Skildring av området** | Området har småbåthamnføremål på land og i sjø i gjeldande KPA, samt næringsverksemd og mindre deler bustad. Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Det er sett byggjegrense mot sjø for bustadareal i gjeldande KPA. Areala er planert og prega av tiltak, då det tidlegare har vore skipsverkstad her, men det er tilgang til sjøen fleire stader. Det er etablert bustad, naust, båtopptrekk, terrenginngrep og betongplate og småbåtanlegg i sjø. Området rundt er bygd ut med bustader, fritidsbusetnad, naust og kombinerte bygg. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Forureining<br>Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for bustader og naust i kommunen og i delområdet. |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: bygd areal, impediment, skog av høg bonitet.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: alke, ærfugl, gråmåke og grønnfink (alle VU), samt teist og storskarv (begge NT). | Innspelsområda er i stor grad planert og prega av tiltak, og ei endring i arealføremål vil få avgrensa verknadar for naturmangfald. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen.<br>Innspelet ligg i strandsona. Deler av denne er definert som utilgjengeleg grunna etablerte tiltak, mens deler er definert som | Ei utbygging med bustader og naust vil medføre privatisering av strandsona i området, og innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | potensielt tilgjengeleg. Det er mogleg tilkomst til sjø fleire stader innanfor innspela. | Området er i frå før bygd ut med småbåtanlegg og naust, men det mogleg tilkomst til sjø fleire stader i områda, og deler av innspelsområda er også registrert som potensielt tilgjengeleg. | |
| **Landskap** | Innspela er ein del av middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype brede fjordløp med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og /-eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet i området er i stor grad bygd, med småkupert skogdekke i bakkant.<br><br>Sjå 3D-kart her: [https://3dx.kommunekart.com/](https://3dx.kommunekart.com/) | Arealet, og området rundt, er allereie dels utbygd. Kombinert føremål bustad og naust i områda vil likevel føre til ei vesentleg fortetting i strandsona, og vil medverke til å «tette igjen» dei opningane som er mot sjøen i dag. Dette vil gi vesentlege negative landskapskonsekvensar i strandsona. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspela.<br><br>Innanfor innspelsområde 2-4 låg det tidlegare ein skipsverkstad/ slipp, og har frå dette ei omsynssone for kulturmiljø for industrielt kulturminne. Øklandsnes slipp var i drift 1918-1992. | 1: Ingen kjende konsekvensar.<br>2-4: Kulturmiljøet kan kombinerast med parkering og bygningar, men sjølve slippen bør bevarast (fjerna det som er farleg). Nedre del kan truleg brukast vidare til sjøsetting av mindre båtar. | 1: 0<br>2: -1<br>3: -1<br>4: -1 |
| **Naturressursar** | 1, 3 og 4: Mindre areal med skog med høg bonitet.<br>2: Ingen registreringar. | 1, 3 og 4: Ei utbygging medføre tap av eit avgrensa areal med skog av høg bonitet.<br>2: Ingen kjende konsekvensar. | 1: -1<br>2: 0<br>3: -1<br>4: -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande bustad- og nausttomter i nærleiken, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod og lys langs fv. 4984, men ikkje fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Området ligg i underkant av 1 km (gangavstand) frå Auklandshamn, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg, og ei utvikling med bustader i området vil kunne vera positivt med omsyn til utviklinga av Auklandshamn som senter. Det vil ikkje vera behov for skuleskyss. | | +1 |
| **Karbonrike areal** | 1, 3 og 4: Ei utbygging medføre tap av 3,5 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal.<br>2: Ingen kjende konsekvensar. | | 1: -1<br>2: 0<br>3: -1<br>4: -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | 1: Ikkje relevant.<br>2, 3 og 4: Innspelsområde 3 ligg på areal som er avsett til næringsføremål i gjeldande KPA. Fleire av bygga innanfor næringsføremålet er i realiteten heilårsbustadar. Det er definert eit behov for sjøtilknytt næringsareal, og ein vurderer det som negativt å ta dette arealføremålet ut i frå kommuneplanen, sjølv om plasseringa ikkje er optimal mot. kringliggjande busetnad. Det er mogeleg å kombinere lettare næringsaktivitet med bustader og naust, og vi vurderer at dette kan vera eit avbøtande tiltak. Slik kan det framleis vera mogleg å drive næring i første etasjen av verkstaden, og nytte andre etasje til bustad o.l. På same vis er det viktig å | | 1: 0<br>2: -1<br>3: -2<br>4: -1 |

| | | |
|---|---|---|
| | vidareføre båtopptrekket som del av småbåthamna/næringsaktiviteten knytt til hamna i området. | |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er kombinert føremål bustad/naust, og Strandsone-rettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hov-udregel ikkje leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspel på bustad er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.<br><br>Strandsonerettleiaren peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspela knytt til naust er såleis vurdert å vera dels tråd med strandsonerettleiaren/SPR. Heile austsida av vågen er sett av til naustføremål i gjeldande plan, med mykje ledig areal. Det bør såleis ikkje vera behov for å setta av dette området til naustføremål i området i tillegg.<br><br>Bustadføremål med tilhøyrande naust i strandsona i dette området vil auka privatiseringa, og redusere høve til tilgang til sjøen i området. | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Innspela ligg i eit område med etablert infrastruktur. Dei ligg godt plassert i forhold til sentrum i Auklandshamn, og områda er såleis gode med omsyn til lokalisering av nye bustader. Områda ligg tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep. Når det gjeld samfunnsnytte vil det vera uheldig å redusere tilgangen til sjøen i området, og auke privatiseringa av strandsona i området.<br><br>Areala er i dag dels planerte, og ei vidare utbygging i eit område der det allereie er etablert tiltak vil vere positivt i eit miljøperspektiv. | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er morene-materiale og bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Innspelet ligg innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 2-4: Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg til sjø og vil difor verta råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 3: Det er registrert mistanke om forureining eller deponering av avfall. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1, 2 og 4: Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor støysoner, og vil ikkje medverke til støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 6 km frå innspelsområdet i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

<table>
<tr><th>Naturmangfald</th><th>Friluftsliv</th><th>Landskap</th><th>Kulturminne og kulturmiljø</th><th>Naturressursar</th><th>Teknisk infrastruktur</th><th>Nærmiljø og stadutvikling</th><th>Karbonrike areal</th><th>Næringsliv og sysselsetting</th></tr>
<tr><td rowspan="4">-1</td><td rowspan="4">-2</td><td rowspan="4">-2</td><td>1: 0</td><td>1: -1</td><td rowspan="4">-1</td><td rowspan="4">+1</td><td>1: -1</td><td>X</td></tr>
<tr><td>2: -1</td><td>2: 0</td><td>2: 0</td><td>2: -1</td></tr>
<tr><td>3: -1</td><td>3: -1</td><td>3: -1</td><td>3: -2</td></tr>
<tr><td>4: -1</td><td>4: -1</td><td>4: -1</td><td>4: -1</td></tr>
</table>

Innspelsområda er i dag planerte areal, med ulike tiltak som til dømes kaianlegg. Innspela ligg i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og innanfor funksjonell strandsone. Det er etablert infrastruktur til området. Innspelsområda ligg i gangavstand til nærsenteret Auklandshamn og vil verta ei utviding av eksisterande busetnad. Området ligg i gangavstand i frå butikk, skule og andre tilbod, og lokaliseringa er såleis god med omsyn til senterstruktur og stadutvikling. Det er likevel uheldig å plassere bustadareal i strandsona, då dette vil medføre privatisering og fortetting i ei strandsone som i dag er relativt tilgjengeleg, sjølv om store deler av innspela er inngrepsprega og planert. Innspela blir på bakgrunn av dette ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, flaum (innspelsomr. 1), forureina grunn (omr. 3).

**Fagleg tilråding innspel 1 (17.17428_1), 2 (17.17428_2), 3 (17.17428_3)og 4 (19.9207): Negativ tilråding**

## 23.7327_7 Kombinert føremål, gbnr. 36/16

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF-spreidd busetnad<br>Friluftsområde i sjø</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk/tal einingar:<br>Kombinert føremål næring og småbåthamn</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>21,4 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Innspelsområdet er urørt areal. Området rundt er spreidd utbygd med fritidsbustader og bustadar. Området er lett kupert, og består av innmarksbeite og overflatedyrka jord. Området har gode sol- og utsiktsforhold. Heile innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone. Innspelet er del av innspelsrunde på næringsareal til sjø.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Strandsone<br>Naturmangfald<br>Friluftsliv<br>Landskap</td></tr>
</table>

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: innmarksbeite, overflatedyrka mark, lauvskog av høg bonitet<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: ingen registreringar | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen.<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen.<br><br>Strandsona i området er ikkje registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone. | Innspelsområdet er innanfor byggjeforbodssona (100-meters-beltet) og funksjonell strandsone. Næringsbygg og hamn vil leggje beslag på område som i dag er tilgjengeleg for friluftslivet og rekreasjon. | -2 |
| **Landskap** | Innspelet ligg i innanfor landskaps-området Bømlafjorden, som har landskapstypane breie fjordlaup og opne fjordmunningar (Bømla-fjorden). Landskapstypen er beskri-ve som ope bredt fjordlaup med omfattande båttrafikk, jordbruks- | Det er etablert fritidsbustadar og bustadar i området rundt, men berre ei like i nærleiken i aust som vil merke nærverknadar av innspelet. Innspelet vil vera svært synleg frå sjø, og såleis ha negative fjernverknadar. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | landskap med noko bustad i Sveio, meir preg av lyngheilandskap og knauser som avgrensar mot Langevåg på Bømlo. Landskapsverdi 3 – middels verdi.<br><br>Innspelsområdet er småkupert og bart innmarksbeite, frå flyfoto ser det også ut til at det er relativt grunt i sjøen. Området rundt er det same, men med også skogkledd med spreidd bygnad.<br><br>Sjå 3D-kart her: [Kommunekart 3D]() | | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne innanfor innspela. Det er registrert ei røys bygd av kampestein vest for innspelet, samt eit kulturmiljø med sjøhus og to naustruinar i aust for innspelet. | Ingen kjende konsekvensar. Eventuelle tiltak i området må ta omsyn til kulturminne og kulturmiljø i nærleiken. | 0 |
| **Naturressursar** | 0,2 daa skog med høg bonitet, 11,5 daa innmarksbeite og 2,4 daa overflatedyrka jord. | Ei utbygging medføre eit ubetydeleg tap skog med høg bonitet, men eit større areal innmarksbeite og overflatedyrka jord. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert offentleg infrastruktur i området, men det er etablert infrastruktur tilknytt eksisterande fritidsbustad på eigedomen, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda. Det er kollektivtilbod langs Mjånesvegen, men ikkje fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber utbygging av næringsbygg og småbåtanlegg/hamn, i eit område som er spreidd utbygd. Det er ikkje mange område ledig med båtplassar og sjøretta næring i Auklandshamn, så ei etablering av område der folk kan koma og leggja til rette med båt vil vera positivt for nærmiljøet, butikkdrift og aktiviteten i området. Området ligg om lag 1,5 km frå sentrum i Auklandshamn, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. | | +1 |
| **Karbonrike areal** | 0,2 daa skog med høg bonitet, 11,5 daa innmarksbeite, 2,4 daa overflatedyrka jord, som er definert som karbonrike areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Arealføremål næring til sjø kan opna for nye næringsmoglegheiter i Auklandshamn, og medføra mogleg sysselsetting i området. | | +2 |
| **Strandsone** | Heile innspelet ligg innanfor funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er kombinert føremål for småbåthamn og næring. SPR seier at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal leggast vekt på i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slike tiltak bør samlast og lokaliserast tilknytt anna busetnad. Innspelet er såleis vurdert å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, så lenge området vert nytta til sjøretta næring. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Næringsområde og småbåthamn er isolert sett positivt med omsyn til samfunnsnytte. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg i utanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg til sjø og vert difor råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje etablert fortau og veglys i området. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 6,5 km frå innspelsområdet i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-2** | **-2** | **0** | **-2** | **-1** | **+1** | **-1** | **+2** |

Området er lett kupert, og består i hovudsak av innmarksbeite. Det er etablert privat infrastruktur til området, og området er i nærleik av viktige samfunnsfunksjonar i Auklandshamn. I sak om næringsareal til sjø vart det belyst behov for område til småbåthamn og næringsbygg i Auklandshamn.

Innspelet ligg i strandsona, og ønska arealbruk er kombinert småbåthamn og næringsbygg. SPR seier at behovet for næringsareal til sjø skal prioriterast i strandsona, og at tiltak som brygger, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg kan tillatast nær sjø. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiar/SPR.

Kombinasjonen småbåthamn i sjø og sjøretta næring på land kan vera utfordrande. Dette området ligg relativt eksponert til ut mot Bømlafjorden, og er såleis truleg ikkje eit godt eigna område for småbåthamn.

Dette er eit urørt område i strandsona, og ei utbygging i området vil ha vesentlege negative konsekvensar for mellom anna friluftsliv, landskap og naturressursar. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. Det er gjennomført innspelsrundar der det er kome fleire innspel på næringsområde til sjø for sjøretta næring. Det er behov for å sjå på desse områda heilskapleg, og vurdere behovet opp mot eksisterande næringsområde i delområda. Det er vesentlege negative konsekvensar av innspelet for fleire tema, men området kan vera aktuelt til sjøretta næring ved behov.

ROS-analyse: Trafikktryggleik

**Fagleg tilråding: Området kan tilrådast positivt etter ei heilskapleg vurdering av behov for og lokalisering av sjøretta næring og småbåthamner i kommunen.**

# 5. ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG

## 18.17923_5 Andre typar bygningar og anlegg (naust), gbnr. 38/4, og 18.17923_6 Andre typar bygningar og anlegg (naust), gbnr. 38/15, 18.17923_7 og _8 Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg)

<table>
<tr><td>Gjeldande arealbruk:<br>LNF på land og Friluftsområde i sjø</td><td rowspan="2">Arealendring<br>
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk/tal einingar:<br>18.17923_5 (1): Andre typar bygningar og anlegg (naust)<br>18.17923_6 (2): Andre typar bygningar og anlegg (naust)<br>18.17923_7 (3): Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg)<br>18.17923_8 (4): Andre typar bygningar og anlegg (småbåtanlegg), lagt til av adm.</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>18.17923_5 (1): 3,2 daa<br>18.17923_6 (2): 0,5 daa<br>18.17923_7 (3): 0,1 daa<br>18.17923_8 (4): 1,4 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Det er etablert kai innanfor innspel 2/3 og eitt naust innanfor innspel 1, samt tilkomst til innspelsområda i frå før. Området rundt er spreidd utbygd med bustader, naust og kaiar/småbåtanlegg. Innspelsområde 1 er kupert og skrår bratt oppi frå sjø og består av skog, medan område 2 er planert ut mot sjø. Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone.</td></tr>
<tr><td>Aktuelle problemstillingar</td><td>Strandsone<br>Landskap<br>Overordna vurdering av behov for naust og småbåtanlegg i kommunen og i delområdet</td></tr>
</table>

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg bonitet.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Innspela ligg i strandsona, som i området er definert som potensielt tilgjengeleg (inngrepsfri). Innspelsområde 1 er kupert , med stor- | Det er i dag mogleg å gå ned til sjøen fleire stader i innspelsområda. Bygging av fleire naust i området vil medføre auka arealbeslag og dels auka privatisering av | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | veldig stor hellingsgrad (mellom 10 og over 25 grader). Område 2 har liten helling (under 3 grader). | strandsona, og slik ha negativ verknad for friluftsliv. | |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Moderat bølgjeeksponert småkupert kyst-slette (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Brede fjordløp og fjordmøter, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional sam-anheng, og/eller over gjennom-snittet lokalt.<br><br>Landskapet i området er skogkledd, og skrår ned mot sjø i nord. Terren-get strekk seg bratt oppover mot kote +15 i innspelaområde 1, med-an det er planert mot sjø i område 2.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | 1: Ei utbygging vil medføre særs synlege inngrep i strandsona, som her er nokså urørt. Etablering av naust vil krevje store terrenginn-grep. Det er tiltak (naust og kaiar/ småbåtanlegg) både vest og aust, og ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykk.<br>2: Ei utbygging vil ikkje medføre særlege inngrep i terrenget, og det er tiltak (naust og kaiar/ små-båtanlegg) både nord og sør, og ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykk. | 1:-2<br>2: -1<br>3: -1<br>4: -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 3,1 daa skog med høg bonitet.<br>2: 0,4 daa skog med høg bonitet<br><br>Det ligg ein låssettingsplass i sjøområda, som overlappar med innspela på småbåtanlegg. Denne er registrert som lite brukt. | 1: Ei utbygging medføre tap av skog med høg bonitet.<br>2: Ei utbygging medføre tap av eit særs avgrensa areal med skog av høg bonitet.<br>3: Utbygging med småbåtanlegg kan verke negativt for registrert låssettingsplass<br>4: Utbygging med småbåtanlegg kan verke negativt for registrert låssettingsplass | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert infrastruktur i nærleiken, anna enn tilkomstveg/sti..<br>Det er kollektivtilbod og veglys langs fv. 4984, men ikkje fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Ikkje relevant | | X |
| **Karbonrike areal** | 1: 3,1 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal.<br>2: 0,4 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | 1:-1<br>2: 0<br>3: 0<br>4: 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Her skal det takast særleg omsyn til m.a. landskap, og SPR gir at ein ved planlegging må ta omsyn til å bevare landskapskvalitetar og å tilpasse det bygde miljø til omgjevnadane. Ev. nye tiltak må tilpassast og ta omsyn til landskap, kultur-minne og naturmangfald. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Inn-spela er såleis vurdert å vera dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, då det er fleire etablerte naust i områda kring innspela. Det er likevel ikkje etablerte naust innanfor eller tett på innspela. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for | | |

| | |
|---|---|
| | den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk urørte område i strandsona til utbyggingsføremål. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. Registrerte lausmassar er Bart fjell (innspelsområde 2) og Bart fjell og Morene (innspelsområde 1). | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelsområda ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg til sjø og vil difor verta råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs områda, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av inn-spela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder tett på innspelet, og som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 6,5 km frå innspelsområdet i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **-1** | **-2** | **1: -2**<br>**2: -1**<br>**3: -1**<br>**4: -1** | **0** | **-1** | **-1** | **X** | **1: -1**<br>**2: 0**<br>**3: 0**<br>**4: 0** | **X** |

Det er etablert kai og naust, samt tilkomst til innspelsområda i frå før. Området rundt er spreidd utbygd med bustad-er, naust og kaiar/småbåtanlegg. Innspelsområde 1 er kupert og skrår bratt oppi frå sjø og består av skog, medan område 2 er dels planert ut mot sjø. Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Innspela vil medføre privatisering av strandsona i eit område som er tilgjengeleg i dag.
Det er mange ledige nausttomter lenger aust i Austervågen, og det er såleis ikkje behov for å ta i bruk eit større, urørt strandsoneareal til føremålet.

Strandsona innanfor innspel 2 er allereie dels planert, og innspelet er avgrensa i areal. På bakgrunn av dette vert innspel 2 med tilhøyrande småbåtanlegg (innspel 3) positivt tilrådd, mens innspel 1 med tilhøyrande småbåtanlegg (innspel 4) vert negativt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 2 (18.17923_6) og 3 (18.17923_7): Positiv tilråding**

**Fagleg tilråding innspel 1 (18.17923_5), og 4 (18.17923_8): Negativ tilråding**

# 6. FLEIRE FØREMÅL

## 16.11576_1 Bustad, gbnr. 36/250 og 16.11576_2 - _3 og 17.17384 Andre typar bygningar og anlegg (naust), gbnr. 36/1 m.fl.

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF-spreidd bustader | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>16.11576_1 (1): Bustader<br>16.11576_2 (2): Andre typar bygningar og anlegg (Naust)<br>16.11576_3 (3): Andre typar bygningar og anlegg (Naust)<br>17.17384 (4): Andre typar bygningar og anlegg (Naust)<br>16.11576_4 (5): tilhøyrande småbåtanlegg, lagt til av adm. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 16.11576_1 (1): 10,9 daa<br>16.11576_2 (2): 1,3 daa<br>16.11576_2 (3): 0,2 daa<br>17.17384 (4): 1 daa<br>16.11576_4 (5): 1,4 daa |
| **Skildring av området** | Det er etablert spreidde einebustader og naust i området, samt infrastruktur. På Vardaneset like sør er det regulert areal for blanda føremål bustader og kontor, med kai. Området består av skrinn mark med noko skog og eit lite areal fulldyrka mark. Storparten av innspela ligg innanfor byggjeforbodssona langs sjø (100-metersbeltet) og funksjonell strandsone. Området ligg sørvest-vendt med gode solforhold. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for bustader og naust i kommunen og i delområdet |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: To mindre teigar med til saman 3 daa skog med høg bonitet, samt ca. 2 daa dyrka mark. Resten er bygd areal<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Innspela ligg i hovudsak i strand-sona, som i området er definert som potensielt tilgjengeleg (inn-grepsfri), med varierande hellings- | 1: Ei utbygging med bustader i sørvest vil medføre privatisering av strandsona i området, og inn-spelet vil såleis ha negativ verk-nad for friluftsliv. Ein kan unngå ytterlegare nedbygging dersom | 1: -2<br>2: -1<br>3: -1<br>4: -1<br>5: -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | grad «noe» til «stor» (mellom 3 og 25 grader). | ein avgrensar innspelsområdet i sør.<br>2-5: Ei endring av føremål kan medføre at det vert bygd fleire naust i området, og dette vil medføre arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona. Det er etablert fire naust, i tillegg til eitt byggjeløyve, i strandsona i området, som medfører at strandsona i området allereie er dels privatisert. | |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette med tettsted (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Brede fjordløp og fjordmøter, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet i området er småkupert, og består av bygde bustadeigedomar, skog og noko dyrka mark. Området er sørvestvendt, der innspel 2-4 ligg på planert/bygd areal ved sjø. Innspel 1 ligg på to ulike høgdenivå; eit på ca. kote +19, og eit på ca. kote +7.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | 1: Ei utbygging i sørvestleg del vil medføre synlege inngrep i strandsona, øvre del ligg eksponert på ei kolle.<br>Elles vil utbygginga bera preg av fortetting av eksisterande bustadområde. Konsekvensane er såleis avgrensa.<br>2-5: Ei vidare fortetting med naust i området vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap. | 1: -2<br>2: -1<br>3: -1<br>4: -1<br>5: -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | 1: Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspelet. Lenger aust er det registrert eit gardsmiljø.<br>2-5: Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | 1: Ei fortetting av bustadmiljøet vil ikkje påverke kulturmiljøet i vesentleg grad grunna avstand og topografi, samt busetnadsmønster i området.<br>2-5: Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 2,6 daa skog med høg bonitet, 1,5 daa fulldyrka jord, 0,4 daa innmarksbeite<br>2: Bygd areal (ingen naturressursar)<br>3: 0,1 daa skog med høg bonitet<br>4: Bygd areal (ingen naturressursar) | Ei utbygging medføre tap av lauvskog med høg bonitet, samt fulldyrka og innmarksbeite. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablerte vegtilkomstar og annan infrastruktur tilknytt eksisterande bustad- og nausttomter, og ein kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod langs kommunal veg Mjånesvegen, men ikkje fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber ei fortetting av eksisterande bustad- og naustområde, som her ber preg av spreidd utbygging. Området ligg i underkant av 1 km frå nærsenteret Auklandshamn, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Ei utbygging i området vil såleis byggje opp under Auklandshamn med senterfunksjonar. Det vil ikkje vera behov for skuleskyss. | | +1 |

| | | |
|---|---|---|
| **Karbonrike areal** | Til saman 2,7 daa skog med høg bonitet, samt 1,5 daa dyrka mark, som er definert som karbonrike areal. | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | X |
| **Strandsone** | 1: Sørvestleg del av innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er bustad, og Strandsonerett-leiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovud-regel ikkje leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.<br>2-5: Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren. | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. I eit berekraftperspektiv er det betre å vidareutvikla område som allereie er dels bygd ut, enn å ta i bruk nye, urørte område. Når det gjeld bustadinnspelet er området allereie dels opna for utbygging, gjennom LNF spreidd-føremålet. | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Innspelet ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 2-4: Innspela vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring til- og langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 6,5 km frå innspelsområdet i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | |

<table>
<tr><td rowspan="5">-1</td><td>1: -2</td><td>1: -2</td><td rowspan="5">0</td><td>1: -2</td><td rowspan="5">-1</td><td rowspan="5">+1</td><td rowspan="5">-1</td><td rowspan="5">X</td></tr>
<tr><td>2: -1</td><td>2: -1</td><td>2: -1</td></tr>
<tr><td>3: -1</td><td>3: -1</td><td>3: -1</td></tr>
<tr><td>4: -1</td><td>4: -1</td><td>4: -1</td></tr>
<tr><td>5: -1</td><td>5: -1</td><td>5: -1</td></tr>
<tr><td colspan="9">Innspela ligg i eit område som allereie er bygd ut med spreidde bustader, naust og infrastruktur. Innspela ligg i hovudsak i strandsona og funksjonell strandsone, og innspel 1 overlappar med fulldyrka mark. Innspel 1 er allereie i tråd med Retningslinjene som gir ein skal tillate noko spreidd utbygging for å sikre utvikling i heile kommunen, gjennom at det i dag ligg som LNF spreidd-føremål. I forhold til innspelet om bustadføremål stettar ikkje arealet retningslinjene tilknytt nye bustadareal kva gjeld nedbygging av dyrka mark eller strandsona. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd, og LNF spreidd-føremålet vert såleis vidareført.<br><br>Når det gjeld innspela 2-5 ligg desse i område med etablerte naust. Det er ikkje vesentlege negative konsekvensar ved innspela.<br><br>ROS-analyse: Innspel 1-4: Kvikkleire, trafikktryggleik, Innspel 2-4: Stormflo/havnivåstigning</td></tr>
<tr><td colspan="9">Fagleg tilråding innspel 1 (16.11576_1): Negativ tilråding, området bør vidareførast som LNF spreidd</td></tr>
<tr><td colspan="9">Fagleg tilråding innspel 2 (16.11576_2), 3 (16.11576_3), 4(17.17384) og 5 (16.11576_4): Positiv tilråding</td></tr>
</table>

## 18.14440 Offentleg eller privat tenesteyting, gbnr. 36/55 og 243, 22.4812 Uteopphaldsareal, 23.14421 Bustader, gbnr. 36/168

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>KPA: LNF, LNF-spreidd bustader og bustader, turvegtrasé<br>Reg.plan: Forretningar, skule og bustader | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>18.14440 (1): Offentleg eller privat tenesteyting (menigheits-hus)<br>22.4812 (2): Uteopphaldsareal<br>23.14421 (3): Bustader (mikro-landbruk) | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 18.14440 (1): 4,6 daa<br>22.4812 (2): 0,6 daa<br>23.14421 (3): 71,3 daa |
| **Skildring av området** | Det er etablert eit menigheitshus på arealet (innspelsområde 1), som ein ønskjer å kunne vidareutvikle. Det går ein grusa sti i innspelsområde 2, som elles ligg ved opparbeid uteopphaldsområde tilknytt skulen og bustadfeltet Stølen. Det er her eit ønske å etablere benkar og leikeapparat (innspel 2). Bygdelaget ønskjer å utvide det regulerte bustadområdet lenger sør (innspel 3), og etablere bustader med mikrolandbruk i området |
| **Aktuelle problemstillingar** | Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet Strandsone (langs vassdrag) |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: I hovudsak skog.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar (1-2).<br>Innspelsområde 3: Gulspurv, grøn-fink, granmeis (alle VU), gråspurv (NT) | Innspel 1 er i all hovudsak nedbygd i frå før nedbygd, og ei endring i arealføremål vil få av-grensa verknadar for naturmang-fald.<br>Innspel 2 er eit mindre areal der det er etablerte tiltak på alle sider, og konsekvensen for naturmangfald er såleis avgrensa.<br>Innspel 3 er eit større urørt skogområde, med ein del registreringar av raudlista fugleartar. Utbygging i området | 1: 0<br>2: -1<br>3: -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | vil såleis vera negativt for naturmangfald. | |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen Registrerte friluftslivområde: Ingen (1-2). Innspelsområde 3: Nordleg del av Emberlandsnipen (svært viktig friluftsområde) går inn i arealet. Dette er stort turområde med tilrettelegging, som er om lag 12.300 daa. | 1-2: Ei endring av føremål vil ikkje føre til særlege konsekvensar for friluftsliv. Ei tilrettelegging av innspelsområde 2 for uteopphaldsareal vil verke positivt.<br>3: Innspelet er i arealkonflikt med registrert friluftsområde, som heng saman med større grøntareal. Ei utbygging i området har negative konsekvensar for friluftsliv, men ei utbygging vil truleg kunna tilpassast friluftslivsverdiane. | 1: 0<br>2: 0<br>3: -2 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette med tettsted (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype Vestlandets skogsåser, med landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.<br>Landskapet i området er småkupert, og består av skuleområde, bustadfelt og elles urørte skogs- og myrområde Areala er bygde med hhv. menigheitshus og sti som del av uteopphaldsareal.<br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | 1-2: Ei endring til arealføremål i tråd med dagens godkjente bruk, som òg sikrar ei vidare utvikling vil ikkje medføre vesentlege landskapsendringar i området. Det same gjeld etablering av nokre benkar og leikeapparat i eit område som elles ber preg av leik- og uteopphald.<br>3: Ei utbygging vil medføre inngrep i eit kuperte landskap, som er urørt i dag. | 1: 0<br>2: 0<br>3: -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 0,5 daa skog med høg bonitet, og 0,3 daa innmarksbeite.<br>2: 0,6 daa skog med høg bonitet.<br>3: 71 daa skog med middels bonitet. | 1-2: Ei utbygging medføre tap av eit særs avgrensa areal med skog med høg bonitet og innmarksbeite.<br>3: Ei utbygging medføre tap av eit stort areal med skog med middels bonitet. | 1: 0<br>2: 0<br>3: -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert vegtilkomst og annan infrastruktur i området. Det er kollektivtilbod langs fv. 4984, men ikkje fortau eller veglys. | | 1: 0<br>2: 0<br>3: -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela inneber ei vidareutvikling av etablert arealbruk i området. Området ligg i gangavstand til Auklandshamn, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Ei utbygging med bustader i området vil såleis kunna vera med på å byggje opp under dette senteret. | | +1 |
| **Karbonrike areal** | 1-2: Til saman 1,1 daa skog med høg bonitet, samt 0,6 daa innmarksbeite, som er definert som karbonrike areal. Arealet er avgrensa, med avgrensa verknad.<br>3: Ei utbygging kan medføre tap av om lag 71 daa skog med middels bonitet. | | 1: 0<br>2: 0<br>3: -1 |

| | | |
|---|---|---|
| **Næringsliv og sysselsetting** | 1 og 3: Ikkje relevant.<br>2: Ei endring i frå forretningar til uteopphaldsareal vil ha avgrensa verknader, ettersom det er eit avgrensa areal att for etablering av forretningsbygningar på arealet. Areal som er ubygd består av parkeringsplass og uteopphaldsareal tilknytt skulen. | 1: X<br>2: -1<br>3: X |
| **Strandsone** | 1-2: Ikkje relevant.<br>3: Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er bustader. Nye inngrep i ein vassførekomst skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. Næraste vatn i vann-nett er Storavatnet, der miljøstilstanden er god. Det er den òg i næraste førekomst Bømlafjorden bekkefelt. Vurderinga er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjonsbelte, sikrar godkjende vass- og avløpsløysingar og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein ev. reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021). | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Endringane i innspel 1 og 2 medfører tilpassing til eksisterande situasjon, og har såleis lite konsekvensar når det gjeld samfunnsnytte og berekraft.<br><br>Når det gjeld innspel 3 grensar dette til område med etablert infrastruktur. Innspelet ligg godt plassert i forhold til sentrum i Auklandshamn, og plasseringa er såleis god med omsyn til lokalisering av nye bustader. Innspelet ligg tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep<br><br>Areala er i dag urørte område, som også er eit viktig friluftslivområde. Ei utbygging vil såleis vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg i all hovudsak under marin grense. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Innspelet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, tilknytt Mjånestjørna og utløpsbekken i frå tjørna. Etablert bygg ligg om lag på kote +40, medan bekken går i eit dalsøkk aust for bygget, og langs fylkesvegen på kote +32. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 2: Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje fortau eller lys langs private vegar eller fv. 4984. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Det er gul støysone langs fv. 4984, som berre går inn på mindre deler av innspelet i nord. Det vert ikkje opna for tiltak med støykjensleg bruk. Det er | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | ingen andre kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.<br>2: Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 6 km frå innspelsområda i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| **Naturmangfald** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Naturressursar** | **Teknisk infrastruktur** | **Nærmiljø og stadutvikling** | **Karbonrike areal** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **1: 0** | **1: 0** | **1: 0** | **0** | **1: 0** | **0** | **+1** | **1: 0** | **1: x** |
| **2: -1** | **2: 0** | **2: 0** | | **2: 0** | | | **2: 0** | **2: -1** |
| **3: -2** | **3: -2** | **3: -2** | | **3: -1** | | | **3: -1** | **3: x** |

1-2: Innspela inneber ei vidareutvikling av etablert arealbruk i området, og er i tråd med Retningslinjene som gir at ein skal fortette og utvide eksisterande utbyggingsområde føre ein tek i bruk nye utbyggingsareal. Verknadene av arealføremålsendringane er vurderte som avgrensa.
3: Innspelsområdet er i dag urørt og kupert skogsområde, som består av skog med middels bonitet mot. naturressursar og karbonrike areal. Innspelet inneber ei vidareutvikling av etablert arealbruk i området, og er i tråd med Retningslinjene som gir at ein skal fortette og utvide eksisterande utbyggingsområde føre ein tek i bruk nye utbyggingsareal. Området ligg tilknytt eksisterande bustadområde med etablert infrastruktur, og ligg i gangavstand til Auklandshamn, med senterfunksjonar som butikk og skule. Området overlappar med registrert friluftsområde, og har vesentlege negative konsekvensar med omsyn til naturmangfald og landskap, då det er eit større urørt område i dag.

Dersom det er behov for nytt bustadareal i området kan ein avgrensa del av innspelet tilrådast, som ei vidareføring av eksisterande bustadfelt, justert utanfor registrert friluftsområde, og vekk frå vassdraget.

ROS-analyse: flaum (innspel 1), trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 1 (18.14440): Positiv tilråding**

**Fagleg tilråding innspel 2 (22.4812): Positiv tilråding**

**Fagleg tilråding innspel 3 (23.14421): Justert positiv tilråding dersom det er behov for nytt bustadareal i området, til utanfor registrert friluftslivområde og vekk frå vassdraget. .**

## 18.17641_1 Fritidsbusetnad, 18.17641_2 og _3 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 36/24 og 295

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Spreidde bustader (SB9) | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>18.17641_1 (1): Fritidsbusetnad<br>18.17641_2 (2): Naust (utviding av eksisterande naustområde)<br>18.17641_3 (3): tilhøyrande småbåtanlegg, lagt til av adm. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 18.17641 (1): 12,3 daa<br>18.17641 (2): 2,8 daa<br>18.17641 (3): 2,7 daa |
| **Skildring av området** | Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelsområdet i frå før. Området rundt er bygd med naust og spreidde bustader. Området er kupert, og ligg på eit nes, og består av skog. Området har gode solforhold og ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone<br>Overordna vurdering av behov for fritidsbustader og naust i kommunen og i delområdet. |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg bonitet, impediment.<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.<br>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br>Strandsona i området er definert som potensielt tilgjengeleg (inngrepsfri), med varierande hellingsgrad «liten» til «stor» (mellom 0 og 25 grader). | Ei utbygging vil medføre privatisering av strandsona i området, og innspela vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv.<br>Ein kan unngå ytterlegare nedbygging dersom ein avgrensar innspelsområdet til vest (Nilsavika), der det er inngrep i frå før. | -2 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN).<br>Innspela ligg innanfor landskapstype Brede fjordløp og fjordmøter, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og /-eller over gjennomsnittet lokalt. | Utbyggingsområdet ligg eksponert på eit nes, som vil medføre særs synlege inngrep i strandsona. Det er andre inngrep (bustader og naust) i området lenger vest i frå før. Ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Landskapet i området består av eit skogkledd nes, med svaberg mot sjø. I aust går eit vassig mot sjø. Neset er kupert med fleire koller, som strekk seg mot kote +18-24. Elles skrår terrenget bratt ned i frå kote +7 ned mot sjø på kvar side.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | vesentlege landskapsendringar i området. | |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne inn-anfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 7,8 daa skog med høg bonitet, 4,6 daa impediment. | Ei utbygging medføre tap skog med høg bonitet. | -2 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert infrastruktur i området, men det er etablert infra-struktur tilknytt eksisterande bustadtomter i nærleiken, og ein kan sål-eis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda. Det er kollektiv-tilbod langs Mjånesvegen, men ikkje fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspela inneber ei utviding av eksisterande naustområde, samt eit nytt fritidsbustadområde. Nærmiljøet her ber preg av spreidd bustadut-bygging. Området ligg om lag 1,5 km frå nærsenteret Auklandshamn, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | 0,7 daa myr og 6 daa skog med høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Ikkje relevant. | | X |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, samt funk-sjonell strandsone. Her skal det takast særleg omsyn til m.a. landskap, og SPR gir at ein ved planlegging må ta omsyn til å bevare landskapskvalitetar og å tilpasse det bygde miljø til omgjevnadane. Ev. nye tiltak må tilpassast og ta omsyn til landskap, kulturminne og naturmangfald. Ønska arealbruk er fritidsbustad og naust.<br>1: Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinjene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.<br>2-3: Strandsonerettleiaren peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan busetnad. Landskapet er vurdert som mindre eigna grunna terrenget og behov for store inngrep for å kunne etablere naust. Inn-spela er såleis vurdert å ikkje vera tråd med strandsonerettleiaren/SPR. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Tilrettelegging for private fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader, naust og småbåtanlegg har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda.<br><br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Innspela ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Morene-materiale. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det går ein bekk/vassdrag gjennom innspelsområda i aust, men dei ligg utanfor registrerte aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje etablert vegframføring med tilhøyrande løysing for mjuke trafika-ntar til området. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ingen støyande verksemder, eller vegstøy, tett på innspelet, som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 7 km frå innspelsområdet i luft-linje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -2 | -2 | 0 | -2 | -1 | 0 | 1: -1<br>2: -1<br>3: 0 | X |

Innspelsområda er i dag urørte og kuperte skogsområde, som ligg på eit nes innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere fritidsbustadområde i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. Sistnemnde gjeld òg for etablering av naust i området. Det er ikkje etablert infrastruktur til området.

Det er vesentlege negative konsekvensar av innspela for fleire tema, og innspela er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. På bakgrunn av dette vert innspela ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 1 (18.17641_1), 2 (18.17641_2) og 3 (18.17641_3): Negativ tilråding**

## 18.3136_1 Fritids- og turistføremål, gbnr. 33/32 m.fl. og 18.3136_2 Kombinert føremål, gbnr. 33/41

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>Bustad, småbåthamn og naust på land, småbåthamn og fiske i sjø | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk:**<br>18.3136_1 (1): Fritids- og turist-føremål<br>18.3136_2 (2): Kombinert føre-mål næring og tenesteyting | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 18.3136_1 (1): 0,8 daa<br>18.3136_2 (2): 3,3 daa |
| **Skildring av området** | Det er gjort terrenginngrep i samband med tilrettelegging for naust, verkstad /båtbygging med kai. Bakkant av innspelsområda er kupert. Området rundt er spreidd utbygd med einebustader og naust. Arealet ligg innanfor byggje-forbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og vassdrag, samt funksjonell stra-ndsone. I KPA er det sett byggjegrense mot sjø for bustadområdet like i bak-kant. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Strandsone |

| Konsekvensutgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: skog med høg bonitet<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar, men i området rundt er det registrert vipe (CR), ærfugl, pigghå, hummer, (alle VU). | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt.<br><br>Innspelsområda er i stor grad planert, og har såleis relativt liten verdi for naturmangfald i dag. | -1 |
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen | Ei utbygging vil medføre privati-sering av strandsona i området, og innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. | -2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Innspelet ligg i strandsona, som i området er definert som potensielt tilgjengeleg. | | |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Skjermet indre slakt til småkupert kystslette-landskap (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstype middels breie fjordløp, med landskapsverdi 3 – vanlig førekomande i regional samanheng, og /-eller over gjennomsnittet lokalt.<br><br>Landskapet i området er i stor grad planert og lagt til rette for naust og næringsaktivitet tilknytt kai/sjø. Helling i bakkant av innspelet mot skog med høg bonitet.<br><br>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/ | Utbyggingsområda ligg eksponert i strandsona, og arealet er allereie planert. Ei utbygging i området vil likevel medføre relativt store landskapsendringar i ei strandsone som er utan bygg i dag. | -1 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar, kulturminne- eller miljø innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 0,2 daa skog av høg bonitet.<br>2: 0,7 daa skog av høg bonitet.<br>Det er registrert ein aktiv (noko brukt) låssettingsplass i Vestvikvågen. | Innspela medfører tap av eit avgrensa areal med skog med høg bonitet. Innspela går ut i sjø, og ei utbygging i området kan påverke den registrerte låssettingsplassen negativt. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er etablert infrastruktur i området. Det er kollektivtilbod langs fv. 4984, men ikkje veglys eller fortau. | | 0 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Ikkje relevant | | X |
| **Karbonrike areal** | 0,8 daa skog av høg bonitet, som er definert som karbonrike areal. | | 0 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | Næring/tenesteyting og fritid- og turisme kan bidra positivt til næringslivet i området, samt leggje til rette for sysselsetting i området og i kommunen. | | +1 |
| **Strandsone** | Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er kombinert føremål næring/tenesteyting, med fokus på sjøretta næring og fritid- og turisme. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at det ved lokalisering av næringsområde bør vektleggjast om næringar og næringsverksemd som bidreg til auka lokal verdiskaping treng tilgjenge til sjøen. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Vidare skal behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d. satsing på reiseliv og turisme, leggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som for t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Innspelet om sjøretta næring/tenesteyting er vurdert til å vera i tråd med strandsoneretteleiaren/SPR.<br><br>Strandsonerettleiaren/SPR peikar på at det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som for t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. I dette tilfellet gjeld innspelet om fritid- og turisme utleigehytter. Fritid- og turismeføremålet medfører vesentleg meir privatisering av strandsona enn dagens situasjon, som er naustføremål. Utleigehytter er ikkje vurdert til å vera sjøretta reiselivsanlegg, då dette ikkje er tiltak som treng å ligga i funksjonell strandsone. | | |

| | |
|---|---|
| | Dette innspelet om fritid- og turismeføremål er såleis vurdert til å ikkje vera i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Eit næringsområde for sjøretta næring, eventuelt i kombinasjon med tenesteyting kan vere samfunnsnyttig arealbruk. Når det gjeld fritid- og turismeføremålet kan dette vere positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det i dette tilfellet også medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Når det gjeld berekraft er dei aktuelle områda allereie planert, og det er betre å utnytte slike område enn å ta i bruk urørte område til utbygging. |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. Registrert lausmassetype er Bart fjell. | | |
| Flaum | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg til sjø og vil difor verta råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er vegframføring langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. | | |
| Forureina grunn | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 1: Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet. Innspelet kan medføre støy i seg sjølv, avhengig av kva type næring som blir etablert. | | |
| | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | 2: Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 4 km frå innspelsområda i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -2 | -1 | 0 | -1 | 0 | X | 0 | +1 |

Innspelsområda er i dag planert, og ligg i byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og innanfor funksjonell strandsone. Det er etablert infrastruktur til området. Innspelsområdet ligg relativt nære Førde og Auklandshamn, og har tidlegare vore planlagt som verkstad/båtbygging med kai, samt naustareal. Innspel 1 er vurdert til å ikkje vera i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, då føremålet vil medføre vesentleg meir privatisering av strandsona enn dagens plansituasjon. På bakgrunn av dette er innspelet ikkje tilrådd.

| |
|---|
| Når det gjeld innspel 2 er det positivt at auka næringsverksemd skjer der det allereie er område for næring, for å hindre å bygge ned urørte områder i strandsona. På bakgrunn av dette er innspelet tilrådd, til sjøretta næring/aktivitet.<br><br>ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy (innspelsområde 1) |
| **Fagleg tilråding innspel 1 (18.3136_1): Negativ tilråding** |
| **Fagleg tilråding innspel 2 (18.3136_2): Positiv tilråding, til sjøretta næring/aktivitet** |

## 18.17923_1 Fritidsbustad gbnr. 38/4, 18.17923_2 Naust med 18.17923_9 småbåtanlegg, gbnr. 38/4

| | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk:**<br>LNF | **Arealendring**<br><br> |
| **Planlagt arealbruk/tal einingar:**<br>18.17923_1 (1): Fritidsbustad<br>18.17923_2 (2): Naust<br>18.17923_9 (3): tilhøyrande små-båtanlegg, lagt til av adm. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | 18.17923_1 (1): 10,8 daa<br>18.17923_2 (2): 2,1 daa<br>18.17923_9 (3): 2,1 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet dekkjer eit urørt småkupert skogsområdet, der ein bekk renn gjennom innspel 1 og ut i Boknafjorden. Heile innspel 2 ligg innanfor funksjonell strandsone, mens innspel 1 ligg i hovudsak innanfor funksjonell strandsone. Strandlinja til sjøen er bergknaus ytst og skog innover land. Aust for innspelet er LNF-spreidd busetnad, i vest er regulert hytteområde. |
| **Aktuelle problemstillingar** | Friluftsliv<br>Landskap<br>Naturmangfald<br>Teknisk infrastruktur<br>Strandsone |

| **Konsekvensutgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Markslag: lauvskog med høg bonitet<br>Naturtypar: Ingen registreringar.<br>Naturvern: Ingen registreringar.<br>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.<br>Artar: Ingen registreringar. | Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmang-fald lokalt.<br><br>Strandsona er utsett for utbygg-ingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. | -1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Friluftsliv** | Statleg sikra friluftområde: Ingen<br>Registrerte friluftslivområde: Ingen<br><br>Innspelet ligg i byggjeforbodssona og funksjonell strandsone, som i området er definert som potensielt tilgjengeleg. | Ei utbygging vil medføre privatisering av strandsona i området, og innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. | -2 |
| **Landskap** | Innspela er ein del av Bømlafjorden. Innspela ligg innanfor landskapstype breie fjordlaup og fjordmøte, med landskapsverdi 3 – middels verdi.<br><br>Landskapet i området er småkupert, og består av urørte skogsområde og eit bekkedrag som går gjennom innspel (1).<br><br>Sjå 3D-kart her:<br>Kommunekart 3D | Utbyggingsområdet ligg eksponert mot sjøen, som vil medføre særs synlege inngrep i strandsona. Det er ikkje andre inngrep i umiddelbar nærleik til området, men det er spreidd busetnad aust for innspelsområda samt regulert hyttefelt i vest. Ei utbygging i dette urørte området vil såleis medføre landskapsendringar i området. | -2 |
| **Kulturminne og kulturmiljø** | Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar eller kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspela. | Ingen kjende konsekvensar. | 0 |
| **Naturressursar** | 1: 10,7 daa skog med høg bonitet.<br>2: 1,5 daa skog med høg bonitet. | Ei utbygging medføre tap av areal med skog med høg bonitet. | -1 |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje etablert vegtilkomst eller annan infrastruktur i området. Det er kollektivtilbod og veglys langs fv. 4984, men ikkje fortau. | | -1 |
| **Nærmiljø og stadutvikling** | Innspelet inneber etablering av fritidsbustadar og naust til sjøen. Området ligg om lag 2,5 km frå nærsenteret Auklandshamn, med matbutikk, skule og nærmiljøanlegg. Innspelet styrkjer grunnlaget for det lokale handels-, service- og kulturtilbodet, som kjem fastbuande til gode. | | 0 |
| **Karbonrike areal** | Til saman 12,2 daa skog med høg bonitet, samt daa innmarksbeite, som er definert som karbonrike areal. Arealeter avgrensa, med avgrensa verknad. | | -1 |
| **Næringsliv og sysselsetting** | 1-2: Ikkje relevant.<br>3: Innspelet rører ved areal tilknytt oppdrettsanlegg. | | 1-2: X<br>3: -2 |
| **Strandsone** | Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet langs sjø) og registrert funksjonell strandsone, der ønska arealbruk er fritid. SPR seier at areal til bustad-, sentrum- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid som hovudregel ikkje skal leggjast i strandsona. Strandsonerettleiaren peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis i all hovudsak ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/ SPR. | | |
| **Samfunnsnytte og berekraft** | Tilrettelegging for fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustad, naust og småbåtanlegg har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda.<br>Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. | | |

| **ROS-analyse** | | | |
|---|---|---|---|
| **Naturfare** | | | |
| Skred | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred. | | |
| Kvikkleire | **Liv og helse** | **Ytre Miljø** | **Mat. verdiar/samfunn** |
| | Innspela ligg under marin grense. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Flaum | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | 1: Innspelet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, tilknytt utløpsbekken i frå tjørn sør for innspelsområdet.<br>2: Litt av austre del av innspelet ligg innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum. | | |
| Stormflo/havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | 1: Innspelet ligg ikkje til sjø og vert ikkje råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | 2: Innspelet ligg til sjø og vert råka av stormflo/havnivåstigning. | | |
| **Menneske- og verksemdbaserte farar** | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje fortau langs fv. 4984. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området. Området har ikkje teknisk infrastruktur. | | |
| Forureina grunn | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela. | | |
| Støy | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspela, og innspela vil ikkje medføre støy i seg sjølv. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspela. | | |
| Innsatstid brann | Næraste brannstasjon ligg i Førde, om lag 7 km frå innspelsområda i luftlinje. | | |

**Samla vurdering og tilråding:**

| Naturmangfald | Friluftsliv | Landskap | Kulturminne og kulturmiljø | Naturressursar | Teknisk infrastruktur | Nærmiljø og stadutvikling | Karbonrike areal | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -1 | -2 | -2 | 0 | -1 | 0 | 0 | -1 | 1: X<br>2: X<br>3: -2 |

Innspelet ligg i hovudsak innanfor 100-metersbeltet mot sjø, og vil ha negative konsekvensar for friluftsliv, med tanke på privatisering av strandsona i området. Ei utbygging i området vil også ha negative konsekvensar for landskap. Området grensar til eit hyttefelt i vest, men det er ingen tiltak innanfor innspelet i dag, og heller ikkje etablert infrastruktur. Strandsonerettleiaren presiserer at nye område for bustad og fritid som hovudregel ikkje skal leggjast i strandsona. Ein mindre del av innspelet ligg utanfor funksjonell strandsone. Denne delen av innspelet ligg dels innanfor aktsemdområde for flaum. Det er ikkje infrastruktur i området, og tilrettelegging for dette vil krevja relativt store terrenginngrep for etablering av ein fritidsbustad. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd

ROS-analyse: kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

**Fagleg tilråding innspel 1 (18.17923_1), 2 (18.17923_2) og 3 (18.17923_9): Negativ tilråding**